

KJARTAN SLETTEN  
Skauvegen 401A  
5957 Myking

Sletten, 24.04.18

kjartan.sletten@outlook.com

Lindås Kommune  
Rådhuset  
5914 Isdalstø

**SAK: KLAGE PÅ SAKSHANDSAMINGSTID I SAMBAND MED SØKNAD OM ARELAOVERFØRING.**

Eg viser til brevet eg sende 28.12.17 om refusjon av gebyr og svaret frå Lindås Kommune datert 06.02.18. (Dykkar ref. 17/2172 -18/3802.) Svaret mottok eg først 20.04.18.

Eg kan framleis ikkje sjå at Lindås Kommune følgjer krava i Rundskriv H-13/04 der det klart går fram at tida det tek for å kontrollera søknaden skal inngå i dei 12 vekene som kommunen har som frist for å handsama søknaden.

Sitat: Tid som brukes til å vurdere om søknaden er klar til å behandles må regnes med i fristen på 12 uker. Sitat slutt.

Med andre ord: Søknaden vart motteken av Lindås Kommune 07.07.17 og 12 veker frå den datoen vil vera **29.09.17**.

I brevet Dykkar av 06.02.18 står det søknaden vert rekna som komplett pr. 29.08.17 og at det er frå den datoen De meiner sakshandsamingsfristen tek til å gjelda. Som sagt, dette er ikkje i samsvar med den nemnde rundskrivet. For meg ser det ut til at Lindås Kommune ikkje har på plass dei rutineane for kontroll av søknaden som rundskrivet forventar at ein kommune skal ha. I brevet Dykkar av 06.02.18 er det heller gjeve nokon grunn for at det har teke så lang tid å kontrollera søknaden.

Søknaden er sendt til Lindås Kommune og det er etter mi oppfatning **Lindås Kommune** som har ansvaret for sakshandsaminga. Kommunen skal handsama saka innanfor fristen på 12 veker uavhengig om saka skal handsamast etter Jordlova. Det har vel aldri vore tvil om at arealoverføringa skal vurderast etter Jordlova og at dette er ein del av den aktuelle søknaden. Eg vil berre minna om at tidlegare var det Landbrukskontoret som var første instans for denne typen søknadar.

For meg som søkjar, er det ikkje den interne prosessen i kommunen det som betyr noko, men resultatet av prosessen og den tida det tek.

Eg vil også leggja til at eg ved fleire høve har etterspurt status og purra på saka både til Byggesaksavdeling og til Landbrukskontoret.

Som sagt er det Lindås Kommune som har ansvaret for heile søknadsprosessen og det er kommunen som skal refundera gebyret sjølv om saka har vore innom to ulike avdelingar.

Eg tillet meg derfor å gje uttrykk for at Lindås Kommune ikkje har halde sakshandsamingsfristen på 12 veker rekna frå 07.07.17. Svar på søknaden skulle ha kome innan 29.09.17, men det kom først 03.11.17. Altså meir enn 4 veker etter fristen.

Då gebyret skal, iflg. Rundkriv H-13/04, refunderast med 25 % pr. påbegynt veke, vil eg krevja at **heile gebyret på kr. 9100 vert refundert.**

Med venleg helsing

*Kjartan Sletten*

Kjartan Sletten